

Polsdans frå Innhered/Verdal i form etter Geir Egil og Maj Britt Larsen

Nedteikninga

DANSEORDNING

Når spelemannen spelar opp, ordnar para seg etter kvarandre i ring mot sola etter kvart som dei kjem på golvet. Dei ventar som regel på heilt vek (kvar 8. takt) i musikken før dei tek til å dansa. Dei står gjerne ved sida av kvarandre og held saman med jenta si venstre hand i guten si høgre, eit fast gripetak medan dei ventar.

MUSIKKEN

Polsdans 3-takt.

Oppbygging

Dansen har 2 motiv:

Motiv 1 - Promenademotiv framover i danseretninga Tretrinnssteg/byttomfotsteg SSS

Motiv 2 - Eintakts, runddanssnu. Asynkron snu SsS/sSS

ARMFØRING

Dansarane fører for det meste armane med bøygde albogar og med hendene omlag i albogehøgd. Armane er likevel lause og ledige..

Motiv 1 - Promenademotiv framover i danseretninga Tretrinnssteg/byttomfotsteg SSS

Paret dansar promenademotivet i 4 taktar som tilsvavar 4 tretrinnssteg/byttomfotsteg.

Gut og jenter byrjer med motsett fot, og dansaren byrjer steget annakvar gong med venstre – og høgre fot. Dei vender seg ørlite mot kvarandre når dei trør fram på ytste foten, og framover i danseretninga når dei trør fram på inste foten.

Sjølve steget:

Vi bukar her V-fot i dømet. Dansaren trør fram på V-foten (-1), trør deretter inntil , eller heller litt forbi med H-foten (-2)- og trør fram på V-foten. (-3-).

Fleire steg: (V,H,V) (H,V, H) (V, H, V) osv.

Stega skal dansast med god tyngde. Dansarane slepp seg ned i gulvet for kvart steg.

Motiv 2 - Eintakts, runddanssnu. Asynkron snu SsS/sSS

GUTEN:

Første taktslaget:

Guten (SsS) startar med eit langt steg med V-foten og snur seg for å kome godt framfor og rundt jenta . Han tør ned V foten (S) på utsida av og litt bakom H foten til jenta (-1-).

Andre taktslaget:

Han slepp seg deretter ned med ein djup svikt(s) mest på staden medan han vrir venstre foten i danseretninga. H foten vert plassert parallelt med V foten (guten har no ryggen i danseretninga) (-2-).

Tredje taktslaget:

Han vrir deretter H foten og slepp seg ned med full tyngd framover i danseretninga (S), mellom føtene til jenta, og bruker denne krafta nedover som ein sats til ei kraftig strekking og førebuing til å koma seg langt rundt jenta (-3-).

JENTA:

Første taktslaget:

Jenta står på plassen og ventar til guten kjem rett framfor henne, samtidig som ho sviktar på V-foten og plasserer H-foten mellom føtene på guten. (-1-)

Andre taktslaget:

Deretter slepper ho seg ned på H-foten (S), og bruker denne krafta nedover som ein sats til ei kraftig strekking (-2)

Tredje taktslaget:

Slik at ho får til å ta eit langt steg med V-foten rundt guten. Ho trør ned på V-foten på utsida av H foten til guten, slik at ho har ryggen i danseretninga – 3-) Det er på tredje taktslaget det meste av snuen hennar kjem.

	1	2	3	1	2	3
Gut:	V	V	H	V	V	H
Jente:	V	H	V	V	H	V

Eintaktssnuen her blir då A-synkron. (Gut og jente trør ikkje ned på same tid i musikken).

MERKNAD

Det vert sagt av eldre dansarar at dei verkeleg gode dansarane dansa mykje rundt. Det kan altså tolkast som status at dansarane dansa lengst mogeleg rundt. I opptaket som denne nedteikninga byggjer på varierer dansarane mellom å dansa 4 takter fram og 4 takter rundt, og å danse 4 takter fram og 12 taktar rundt. Det vanlege i tradisjonen er å byrja promonademotivet ved starten av eit nyt vek/skifte i musikken.

Polsdansen i Innherred har ulike former og varianter. Denne varianten som er nedskrivne her er laga etter opptak frå Landskappleiken i Rauland med Geir Egil og Maj Britt Larsen frå Verdal og finnes i publikasjonen "Noreg i dans og spel".

Denne dansenedteikninga er gjort av Siri Mæland, Norsk senter for folkemusikk og folkedans i samband med samdansprogrammet til NORDLEK 2012. Ho er på inga måte ei autorisert nedteikning, men tenkt som hjelpe og støtte for folkedansarane som skal læra seg dansen til stemnet. På stemnet vil ein sjå at denne dansen kan materialisera seg ulikt frå dansar til dansar, og inneholder meir variasjon enn det som kjem fram i denne nedteikninga.